



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1570 - 19/19945

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
24.06.2019

## Oversender søknad om dispensasjon for tal naust til uttale - gbnr 83/1 Spjotøy

Tiltak: Dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 83/1  
Tiltakshavar: Anna K Valle

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for tal på naust som kan byggast innanfor #10 i plankartet.

### Planstatus

Arealet er sett av til spreidd naustbygging i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Det er ifølge føresegnene opna for oppføring av 1 naust innanfor #10 i planperioden.

### VURDERING

#### Dispensasjon

Det vart først søkt om oppføring av 2 naust i same område med noko endra plassering slik at tiltaket ikkje var plassert innanfor #10 i kommunedelplan. Denne plasseringa vart avslått og fylkesmannen var også negativ til slik plassering.


Tiltakshavar har no flytta plasseringa tilbake til det området som er avsett til føremålet i planen. Det må likevel søkast om dispensasjon for tal på naust som kan settast opp då gjeldande plan berre opnar opp for 1 naust. Det har vore ein dialog mellom tiltakshavar og kommunen i saka og ein ser at det er sannsynleg at det var intensjonen at det skulle førast opp 2 naust innanfor #10. Dette har av ukjent årsak ikkje blitt vidareført frå planførebuingane til dei vedtekne føresegnene.

Tiltakshavar har lagt ved relevante dokument frå forarbeida til planen for å underbyggje påstanden. Desse ligg vedlagt til oversendelsen.

Det aktuelle området (#10) er stort nok til at det kan førast opp 2 naust på 40 m<sup>2</sup>.

Administrasjonen er positiv til å gje dispensasjon for at det kan førast opp 2 naust innanfor #10 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.





### Frist

Frist for uttale er 8 veker frå oversendinga, jf. brev frå fylkesmannen i Vestland datert 09.05.19.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Innspel og vurdering - KD-plan  
Kart-foto frå kommuneplanarb.  
Vedtak i PMU des. 2011

### Kopi til:

Anna Kristina Valle	Spjøtoyvegen 347	5955	LINDÅS
---------------------	------------------	------	--------

### Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland Planavdelinga	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
--	--------------	------	-----------